



LINDÅS KOMMUNE

KLØVHEIM SKULE SU

Særutskrift frå møte i SU, Kløvheim skule, onsdag 15.april 2015

Kommunedelplan for skule 2014 – 2015

Vedtak:

Uttale til høyringsdokumentet.

SU ved Kløvheim skule stiller seg bak «Høyringsfråsegn – Kommunedelplan for skule 2014 – 2015» innsendt av FAU ved Kløvheim skule.


SU ynskjer i tillegg å føye til desse punkta:

Under FAU si utgreiing omkring alternativ BA, kulepunkt om sosial utvikling, ynskjer SU å føye til:

- Overgangen for ein barneskuleelev frå å gå på ein skule med få elevar i høve til ein skule med mange fleire elevar, kan opplevast vanskeleg og skremmande for mange.
- At skulen ikkje ligg i elevane sitt nærmiljø, ikkje i eit område dei elles brukar på fritid og i samband med fritidsaktivitetar, kan føre til at elevane ikkje vil kjenne «eigarskap» til skulen sin.

SU ynskjer elles å vise til uttale frå SU – Kløvheim skule i samband med «Kommunedelplan for skule 2014-2018 – framlegg til planprogram», og ber om at uttalen vert teken med vidare, på linje med uttalar til det endelege høyringsdokumentet.

Kløvheim skule, 15.april 2015



Turid Kirsten Sporsheim Tvedt

skrivar - SU